



Nils Johan Foss
Seimsstranda 460
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/503 - 19/6563

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
01.03.2019

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 60/47 Langenes

Tiltak: hytte
Byggjestad: Gbnr: 60/47
Tiltakshavar: Nils Johan Foss
Ansvarleg søkjar: Nils Johan Foss

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.02.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon i frå byggjegrense mot sjø jf. plan- og bygningslova § 1-8. Egedomen ligg innafor reguleringsplan for Langenes. Dette er ein eldre reguleringsplan som ikkje har regulert byggjegrense mot sjø. Det vil difor vere den generelle byggjegrensa på 100 meter som gjeld. Søknad om dispensasjon er ei skriftleg søknad der det skal gå fram kva ein søkjar dispensasjon i frå (plan- og bygningslova § 1-8), og søknaden må vere grunngjeven.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan **29.03.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Nils Johan Foss
Nils Johan Foss

Seimsstranda 460 5912
Seimsstranda 460 5912

SEIM
SEIM